

og «gamle» bilde

– Skulle gjerne hatt meir besøk



BATALJON 99: Utanfor emigranthusa viste ein gjeng karar fram bilar og utstyr frå Bataljon 99. – Eg kjøpte min første militærbil fordi eg ville ha ein bil som kunne ta meg fram når eg ville ut å fly hangglider, og etterkvart har eg berre vorte meir og meir interessert i gammalt militærutstyr. – Det er ein artig hobby og så synest eg at det er viktig at ein også tar vare på denne delen av historia. Det er viktig at folk veit kva som skjedde slik at me ikkje opplever det igjen, seier Olaf Eidevik.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

– Me er godt nøgde med helga, men me kunne gjerne ønska oss litt meir besøk, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringscenter. Ho har enno ikkje full oversikt over besøkstala, men fortel at opninga av utstillinga ved John Pettersen (sjå eiga sak) utan tvil var det som trekte mest folk.

– Utstillinga er ikkje så stor, men den engasjerer både vaksne og born. Det var veldig mange som var innom der i løpet av helga, og John Pettersen sjølv brukte mykje tid på utstillinga søndag. Han prata med mange av dei som var der, og det var ikkje vanskeleg å sjå at folk syntest at det var artig, seier Dyrkorn Heierland.

Ho fortel vidare at konserten med Polkabjørn fredag kveld, vart ei flott oppleving.


– Det var vel 50 menneske

som fekk den med seg. Det var synd det ikkje kom fleire, for den konserten var vel verd å få med seg. Den hadde fortent fullt hus, seier ho.

På fagseminaret kom vel 30 personar.

– At det kjem 30-35 menneske til eit fagseminar langt ute på bygda midt i ferien, er me veldig godt nøgde med, seier Dyrkorn Heierland. Ho er også godt nøgd med familieaktivitetane.

– Eg telte meg fram til at det var 50-60 born innom der. Dei såg ut til å ha det kjempegøy sjølv om vêret var litt skiftande. Eg trur no også at det var vêret som gjorde at me ikkje fekk fullt så mykje besøk som me ønskte oss, men vêret får me ikkje gjort noko med, og samla sett er me godt nøgde, avsluttar ho.



EI FLOTT STUND: – Utstillinga om Bataljon 99. var den delen av arrangementet som trekte mest folk, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringscenter. Under opninga gav ho Pettersen ein god klem. – John var verkeleg i sitt ess, og det var ei fantastisk fin stund, legg ho til.

(Foto: Privat)

SPORT

God lokal innsats i Lerum Cup 2012



BRONSE: Radøy/Manger sine jenter 98 tok ein fin tredjeplass.

Jentelag både frå NBK og Radøy/Manger gjorde ein sterk innsats i Lerum Cup.



Av Hans E. Storheim
hans.egil@strilen.no

– Finalen vippa lenge på 0-0 til Fana, men dei avgjorde med 2-0 mot slutten av kampen. Likevel tapte me ikkje gullet, men vann sølvet! seier ein av NBK-trenarane, Arne Sæbø om NBK jenter 99 sin innsats i årets Lerum Cup.

Han trenar laget saman med Ola Jøsendal og Johan Nepstad. Så vidt Sæbø kjenner til er andreplassen NBK sin beste prestasjon nokon gong i cupen i Sogndal, som fram til i fjor gjekk under namnet Sognefjord Cup.

I dei innleiande kampane fredag og laurdag slo NBK-jentene Bergen Nord/Hovding med 3-0 og Askøy med 2-0. Mot Søreide vart det 0-0 og mot Fana 1-1. Både NBK og Fana enda med 8 poeng, og Fana vann pulja med to mål betre målforskjell.

I sluttspillet søndag vart det 1-1 i semifinalen mot Lyngbø, og NBK gjekk vidare med fleire hjørnespark. I finalen møtte ein



SØLV: NBK sine 99-jenter kneip andreplassen i årets Lerum Cup i Sogndal.

altså att Fana, som avgjorde ein jamnspele kamp.

– For oss var det overraskande at me skulle nå finalen, sjølv om laget også har vunne serien lokalt. Den vann me etter ein litt famlande start på første året med 11-arfotball, seier Arne Sæbø.

Også Radøy/Manger sine jenter 98 kom til sluttspillet. Der vart det til slutt ein fin tredjeplass. Den kom etter seriespel mellom seks lag.

– Me slo Ørnar 2-1, Gneist 5-1 og Erdal 6-1. Så vart det 2-2 mot Førde og tap mot Sogndal,

som til slutt vann pulja med Ørnar på 2. plass, opplyser trenar Gjermund Lervik.

Laget frå Radøy hadde også toppskårarane i turneringa, med åtte mål kvar både for Rebecca Lervik og Thea Christianslund.